
Saksnr: 2020/1928-71
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet		26.05.2020

Møtegodtgjersle for andre møter enn tillyste rådsmøter

Saka vert lagt fram utan tilråding for drøfting i fylkeseldrerådet.

Samandrag

Medverknadsorgana er oppretta i medhald av kommunelova § 5-12, og skal ha ei rådgjevande rolle i den fylkeskommunale verksemda. Dei skal ha rett til å uttala seg i saker som vedkjem eldre, personar med funksjonshemming og ungdom. Medverknadsorgana sine oppgåver, saksbehandling og organisering blir regulert i forskrift av departementet. I tillegg har fylkestinget i Vestland vedteke reglement for medverknadsorgana. Økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune vart fastsett av fylkestinget i Vestland fylkeskommune 15. oktober 2019.

Bertil Søfteland
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad
utvalssektretær

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune vart fastsett av fylkestinget i Vestland fylkeskommune 15. oktober 2019. Vedtaket vart gjort med heimel i lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) §§ 8-1, 8-2, 8-3, 8-4, 8-5, 8-6 og 8-10.

Fylkeseldrerådet sin leiar har fast godtgjersle. Jf. kap.2-1, faste godtgjersler

Kapittel 3 omhandlar møtegodtgjersle:

§ 3-1 Møtegodtgjersle: møtegodtgjersle for representantar i fylkeskommunale organ vert utbetalt for kvar møtedag i same organ. Representantane som har fast godtgjersle har ikkje krav på møtegodtgjersle for møte i det utvalet ein har fast godtgjersle i, eller når ein møter i kraft av si stilling som til dømes hovudutvalsleiar, fylkesutvalsmedlem, gruppeleiar m.m. Varamedlemer har krav på møtegodtgjersle.

Fylkesutvalmedlemene får ikkje møtegodtgjersle for møte som følgjer av fylkesutvalet sine andre roller og funksjonar. Leiarane av hovudutvala og kontrollutvalet får ikkje møtegodtgjersle for møte der dei møter i eigenskap av hovudutvalsleiar/kontrollutvalsleiar. I begge tilfella gjeld dette møte i finans- og planutval. Valde representantar til m.a. årsmøte, generalforsamlingar, arbeidsgrupper, styringsgrupper, interkommunale utval m.m. får utbetalt møtegodtgjersle med 50 %, når slik godtgjersle ikkje vert betalt av andre.

I fylkeskommunen sitt reglement er oppgåvene til medverknadsorgana fylgjande:

Medverknadsorgana kan innafor sitt arbeidsområde

- ✓ gi uttale til forslag til økonomiplan og årsbudsjett
- ✓ gi uttale til regionale planar som angår eldre, personer med funksjonsnedsetting og ungdom
- ✓ gi uttale til saker som andre fylkeskommunale organ legg fram
- ✓ gi råd i alle saker som gjeld levevilkår for eldre, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdom knytt til fylkeskommunal verksemd.
- ✓ arbeide for å utvikle eigen organisasjon og verksemd

Fylkeseldrerådet skal ha minst 6 møter i løpet av et år. I 2020 er det lagt opp til 7 møter. I tillegg kjem møter og konferansar der heile eller deler av rådet blir bedt om å delta.

Representantar frå fylkeseldrerådet er m.a. med i det regionale støtteapparatet for «Leve Heile Livet» og «Eit aldersvenleg samfunn». I samband med dette har det i rådet vorte drøfta korleis ein skal forstå godtgjerslereglementet i høve slike møter. Dette er møter utanom rådsmøta, men fylkeseldreråda har fått eit særleg ansvar for å vera ein aktør i prosjektet «Leve Heile Livet» - eit nasjonalt prosjekt som Fylkesmannen har fått ansvar for å gjennomføra.

Med bakgrunn i dette ynskjer fylkeseldrerådet ei orientering frå administrasjonen om korleis ein skal forstå godtgjerslereglementet for Vestland fylkeskommune.

Konklusjon

Saka vert lagt fram utan tilråding for drøfting i fylkeseldrerådet